

## 1 **F8: Til kamp mot negativ sosial kontroll!**

2 **Framleggsstillar:** Alexander Papas, fylkestingsrepresentant for Vestland SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Til handsaming.

4  
5 Noreg er eit godt land å leva i. Det er fordi modige krefter over lang tid har stått på i  
6 kampen for fridom, likeverd og mangfald. Sosialistisk Venstreparti har i heile partiet si  
7 historie, vore aktive i denne kampen, og mellom anna kjempa for likestilling, skeiv  
8 frigjering og vern av minoritetar. Gjennomslaga har ikkje komme av seg sjølve, men  
9 har hatt mykje å seia for at Noreg i dag er eit ope samfunn der dei aller fleste kan leva  
10 liva sine i fridom.

11 Dei aller fleste, men ikkje alle.

12 For sjølv om den store majoriteten av oss kan leva trygge liv og vera oss sjølve, er  
13 det framleis fleire grupper som opplever negativ sosial kontroll. Dette er menneske  
14 som på systematisk vis, får fridomen og rettane sine krenka av ulike former for  
15 oppsyn, press, tvang og truslar. Dette gjer at folk i dette landet blir fråteke  
16 sjølvbestemming over eigen kropp, identitet og seksualitet, fridom til velja vennar,  
17 fritidsaktivitetar, religion, klesstil, utdanning, jobb, kjærast, ektefelle, og retten til å  
18 søkja helsehjelp.

19 Ferske tal frå *Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald*<sup>1</sup>,  
20 viser at det offentlege aldri før har handert så mange saker som i 2023. I fjor gav  
21 Kompetanseteamet råd, rettleiing og hjelp i 1137 saker, noko som er ei auke på 28 %  
22 frå året før. Tala viser vidare at over 70 % av sakene gjaldt jenter/kvinner, over 50 %  
23 gjaldt mindreårige, nærare 40 % gjaldt truslar og vald, 20 % gjaldt ufrivillig opphald i  
24 utlandet, og over 10 % av sakene gjaldt frykt for tvangsekteskap. Samstundes blir det  
25 meldt om store mørketal. Det er ein urovekkjande, umenneskeleg og uholdbar  
26 situasjon.

27 Ingen er fri før alle er fri, seiest det. Derfor må SV og fleire gå til storstilt kamp mot  
28 negativ sosial kontroll. Ord må omsetjast til handling, og det må setjast i verk fleire  
29 målretta tiltak for å førebyggja og motverka negativ sosial kontroll.

30  
31 **Vestland SV vil at:**  
32 - alle kommunar skal arbeida fram handlingsplanar mot negativ sosial kontroll.

---

<sup>1</sup> *Rekordmange saker om tvangsekteskap, æresrelatert vald og negativ sosial kontroll i 2023*  
<https://www.bufdir.no/aktuelt/rekordmange-saker-om-tvangsekteskap-aeresrelatert-vold-og-negativ-social-kontroll-i-2023/>

- 33 - alle vidaregåande skular skal ha minoritetsrådgjevarar.<sup>2</sup>
- 34 - alle som arbeider innan oppvekst, utdanning, og helse- og sosialfag, skal få
- 35 kompetanseheving om negativ sosial kontroll.
- 36 - krava til trus- og livssynsamfunn som mottek statleg støtte må skjerpast, og
- 37 støtta til trus- og livssynsamfunn som oppmodar til negativ sosial kontroll må
- 38 fjernast.
- 39 - kompetansetemaet og hjelpeapparatet skal styrkjast og synleggjerast meir.
- 40

---

<sup>2</sup> Minoritetsrådgjevarar <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/minoritetsradgjevarar/>